

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga  
 Sak nr.: 16/8848-1

## **Fylkesveg - fordeling av planleggingsmidlar 2017**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

Med atterhald om fylkestinget si godkjenning av budsjettet for 2017, vert planleggingsmidlar for 2017 vert fordelt slik (1000 kr):

Planlegging div. mindre tiltak (prosjektering):	633
Planlegging mindre skredsikringstiltak:	50
Kystvegen – utgreiing:	280
Fv. 53 Ljoteli:	31
Fv. 53 Prosjektering Holsbru:	500
Fv. 60 Hildestranda – Innvik:	16
Fv. 92 Framfjorden:	20
Fv. 302 Midtun – Åbøle:	-30
Fv. 303 Seimsdalstunnelen:	500
Fv. 607 Heggebø – Leirvik:	200
Fv. 613 Blaksettunnelen:	500
Fv. 616 Svelgen – Indrehus:	100
Fv. 722 Flovegen:	1100

### Vedlegg:

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

FT-sak 46/2013 Regional transportplan 2014-2017(23)

FT-sak 19/2014 Planleggingsprogram for fylkesvegprosjekt i Sogn og Fjordane for perioden 2015-2017

FT-sak 47/2014 Skredsikring fv. 722 Flovegen – val av alternativ

HS-sak 61/2014 Kystvegen – utgreiingar og planprosess

FT-sak 38/15 Tertialrapport 2/15

FT-sak 53/2015 Fv. 92 Framfjorden – skredsikring langs vegen eller sidearm til Vikafjellstunnelen

FT-sak 54/2015 Plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet

FU-sak 4/2016 Budsjett/økonomiplan 2017-2020 Arbeidsdokument 4/16

HS-sak 7/2016 Fylkesbudsjett 2016 – Fordeling av planleggingsmidlar fylkesveg

FT-sak 21/2016 Tertialrapport 1/2016

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

### Grunnen for at saka er fremja

I budsjett for 2017 har Finansutvalet i sak 4/2016 tilrådd ei løyving på 3,8 mill. 2016-kr til planlegging av fylkesvegar. Innanfor desse midlane skal vi finansiere all planlegging etter plan- og bygningslova etter ei slik framdrift at prosjekta er klare til å starte når dei ligg an til å få prosjektløyving. Kostnader med prosjektering og grunnverv skal i utgangspunktet dekkast innanfor prosjektløyvinga. Vi vil i hovudsakleg omtale behov for planleggingsmidlar i 2017 og framlegg til fordeling av dei løyvde midlane.

Tidlegare år har planleggingsmidlane blitt fordelte på nyåret etter at Fylkestinget har gjort vedtak om budsjettet. Det er ønskeleg å kome i gang med planlegginga tidlegare. Difor legg vi no opp til fordeling av midlane basert på tilrådd ramme. Dersom endeleg ramme endrar seg vesentleg i samband med fylkestingsvedtaket og/eller endeleg forbruk på dei ulike prosjekta i 2016 avvik i stor grad frå prognose, vil vi fremje forslag om justeringar i eiga sak på nyåret. Elles vil vi fremje justeringane i samband med 1. tertialrapport for 2017.

### Historikk - tidlegare vedtak

Hovudutval for samferdsle handsama fordeling av planleggingsmidlar for 2016 i HS-sak 7/2016.

I desember 2013 behandla fylkestinget FT-sak 46/2013 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014-2023. Regional transportplan legg føringar for kva prosjekt som skal planleggast framover.

Fylkestinget handsama planleggingsprogrammet for perioden 2015-2017 i FT-sak 19/2014. Dette planleggingsprogrammet er å sjå på som eit handlingsprogram for planlegging.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Vi føreset at stipulert mindreforbruk på 0,646 mill.kr frå 2016 vert overført til 2017. Dette gir følgjande ramme for planleggingsmidlar i 2017:

Løyving 2017	3,900 mill.kr
+ overførte midlar frå 2016	0,646 mill.kr
<u>Til disposisjon 2017</u>	<u>4,546 mill.kr</u>

I saka har vi lagt til grunn prioriteringane i Regional transportplan for perioden 2014-2017(23) og planleggingsprogrammet, samt status på igangsette planprosjekt og eventuelle behov for å justere løyvingane til desse.

Løyvinga i 2017 er litt høgre enn i 2016. Vi legg opp til å slutføre igangsette prosjekt. For prosjekt som det er knytt usikkerheit til i inneverande regionale transportplan, er det berre sett av mindre beløp til å gjere utgreiingsarbeid, då desse prosjekta må handsamast på nytt i samband med revidering av RTP.

### Framlegg til fordeling av planmidlar for 2016

Statens vegvesen tilrår at planleggingsmidlane for 2017 vert fordelt slik det er synt i kolonne «Fordeling 2017»:

Streking	Kommune	Tal i 1000 kr						
		Til disp. 2016	Prognose forbruk 2016	Overført frå 2016	Løyving 2017	Behov 2017	Fordeling 2017	Til disposisjon
Planlegging ufordelt		0		0	3 100			0
Planlegging div. mindre tiltak (prosjektering)		50	200	-150	300	400	633	483
Planlegging mindre skredsikringstiltak		47	47	0		50	50	50
Kystvegen - utgreiing		1 620	1 726	-106		174	280	174
Fv. 53 Ljåteli	Årdal	311	342	-31			31	0
Fv. 53 Prosjektering Holsbru, omlegging av veg	Årdal	48	38	10	500	500	500	510
Fv. 60 Hildestranda - Innvik	Stryn	17	23	-6		10	16	10
Fv. 61 Naveosen - Sollibakke	Vågsøy	502	150	352		350	0	352
Fv. 92 Framfjorden	Vik					20	20	20
Fv. 302 Midtun - Åbøle	Årdal	30	0	30			-30	0
Fv. 303 Seimsdalstunnelen	Årdal					500	500	500
Forprosjekt for fv. 606 bru over Ytre Steinsund	Solund	1 000	100	900		900	0	900
Fv. 607 Heggebø - Leirvik	Hyllestad	187	140	47		250	200	247
Fv. 613 Blaksettunnelen	Stryn	378	378	0		500	500	500
Fv. 616 Svelgen-Indrehus	Bremanger					100	100	100
Fv. 722 Flovegen	Stryn	800	1 200	-400		700	1 100	700
<b>PLANLEGGINGSMIDLAR SUM</b>		<b>4 990</b>	<b>4 344</b>	<b>646</b>	<b>3 900</b>	<b>4 454</b>	<b>3 900</b>	<b>4 546</b>

### Prosjektomtale – igangsette prosjekt

#### Utgreiing Kystvegen

I HS-sak 61/2014 handsama samferdsleutvalet sak om utgreiing og planprosess for Kystvegen, og utgreiinga skulle vera ferdig i løpet av hausten 2016.

Forprosjektet for Kystvegen vert dyrare enn føresett. Behovet er knytt til auka omfang med effektberekning og anslag. Forprosjektet er venta ferdig 1.februar.

#### Fv. 53 Ljoteli

Prosjektet er på 4.plass på prioriteringslista for skredsikring. Hovudutval for samferdsel behandla løysing for prosjektet i HS-sak 35/2013. Hovudutvalet vedtok at før vidare planlegging må det greiast ut tunnel med både 5% og 8% stigning. Arbeid med forprosjekt for dette er i gang. I planleggingsprogrammet for perioden 2014-2017 er det føresett at vi skal lage reguleringsplan i 2016-2017. I samband med handsaming av fordeling av planmidlar i 2016 vart det vedteke å fullføre forprosjektet og vente med reguleringsplan. Prosjektet er fullført og treng løyving i 2017 for å dekke inn forventa meirforbruk i 2016.

#### Fv. 53 Holsbru

Det vart vedteke å stanse arbeidet med prosjektering av omlegging av vegen i samband med fordeling av planleggingsmidlane for 2016, HS-sak 7/2016. Årdal kommune har gitt tilskot på kr 500 000 slik at dette arbeidet kan slutførast.

#### Fv. 60 Hildestranda - Innvik

Reguleringsplanen blir sendt på høyring på slutten av året, og midlane går til å dekke eit forventa meirforbruk i år og til å slutføre arbeidet neste år.

#### Fv. 61 Naveosen - Sollibakke

Arbeidet med reguleringsplan stoppa opp fordi arbeidet med Ytre Steinsund skulle prioriterast før dette prosjektet. Arbeidet kom i gang att i oktober og prosjektet treng sluttfinansiering i 2017.

#### Fv. 302 Midtun - Åbøle

Prosjektet er ferdigstilt, og forventa mindreforbruk i 2016 er føreslege trekt inn.

*Fv. 606 Ytre Steinsund bru*

Forprosjektet er blitt noko forsinka og er venta ferdig i mars 2017. Det er venta at prosjektet kan slutførast innanfor allereie løyvde midlar.

*Fv. 607 Heggebø - Leirvik*

Planen vert ikkje ferdig i 2016 slik som føresett då vi fordelte planmidlane for 2016. Årsaka til dette er manglande planleggingskapasitet.

*Fv. 616 Blaksetunnelen*

I samband med handsaming av Plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet, vedtok Fylkestinget i sak 54/15 at dette prosjektet skal prioriterast i investeringsprogrammet i perioden 2018-2021 og at framdrifta skal fastleggjast ved rullering av Regional transportplan.

Løyvinga i 2017 skal gå til reguleringsplan inkludert konsekvensutgreiing.

*Fv. 722 Flovegen*

Rassikring av fv. 722 til Flo er ført opp med midlar over investering rassikring i 2017 med 3 mill.kr til prosjektering.

Det er mål om å få godkjent reguleringsplanen seinhaustes 2017.

Planprosjektet har eit forventta meirforbruk i 2016 som må dekkjast inn i 2017, og det er i tillegg ført opp midlar til slutføring av reguleringsplanarbeidet. Arbeidet har vorte meir omfattande enn kostnadsramma tilsa på grunn av grunnboring og seismikk. Det vart varsla i saka til hovudutvalet, der planleggingsmidlar for 2016 vart fordelte, at tildelinga var knapp.

Aktuelle nye planprosjekt*Fv. 92 Framfjorden*

I inneverande Regional transportplan 2014-2017(23) ligg prosjektet på 7. plass på lista over nye skredsikringstiltak. Det er her vist til arbeidet med ulike alternativ for Vikafjellet. Vidare planlegging av fv. 92 Framfjorden er avhengig av ei eventuell påkobling til Vikafjellet.

Fylkestinget handsama i sak 53/15, Fv. 92 Framfjorden – skredsikring langs vegen eller sidearm til Vikafjellstunnelen og gjorde vedtak om at skredsikring av fv. 92 Framfjorden og Vikafjellsvegen skal handsamast som to separate saker vidare. Endeleg løysing for rassikring langs Arnafjorden må vurderast i samband med revidering av regional transportplan.

Vi har ført opp kr 20.000 til oppdatering av tidlegare utgreiing.

*Fv. 303 Seimsdalstunnelen*

I samband med handsaming av Plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet, gjorde Fylkestinget vedtak i sak 54/15 at dette prosjektet skal prioriterast i investeringsprogrammet i perioden 2018-2021 og at framdrifta skal fastleggjast ved rullering av regional transportplan.

Løyvinga skal gå til å oppdatere forprosjektet og lage reguleringsplan. Oppdatering av forprosjektet er forventta ferdig i god tid før Regional transportplan skal ut på høyring.

*Fv. 616 Svelgen - Indrehus*

Bremanger kommune har laga og vedteke kommunedelplan for ny veg på strekninga mellom Svelgen og Indrehus. Dette medfører innkorting av strekninga på om lag 7 km. Strekninga er prioritert på 1. plass på marginalliste for store investeringsprosjekt i RTP 2014-17(23).

Prosjektet er ein del av Kystvegen og 45-minuttsregionen som kommunane Vågsøy, Bremanger og Flora ønskjer å realisere for å korte inn reisetida mellom kommunesentra. Forprosjekt for Kystvegen er under arbeid, og venta slutført 1. februar 2017.

Prosjektet må vurderast på nytt i samband med revidering av Regional transportplan. Vi har ført opp eit lite beløp til eventuell oppstart av reguleringsplanarbeidet seinhaustes 2017.

### **3. Konklusjon**

Statens vegvesen rår til at planmidlar for 2017 vert fordelt på prosjekt slik det går fram av tabellen i pkt. 2 i denne saka.

Fylkesdirektøren er samd i tilrådinga frå Statens vegvesen.